



Voss kommune
Postboks 145
5701 Voss

Rapport frå tilsyn ved Voss reinseanlegg 17. juni 2014

Rapportnummer: 2014.046.I.FMHO

Kontaktperson ved tilsynet:

Frå verksemda:
Sigmund Gjernes

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Nina Vadøy

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik frå tilsynet. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 5 avvik innan følgjande tema under tilsynet:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- risikovurdering av avløpsanlegget
- løyvet

Avvika er nærare omtalt frå side tre og utover i rapporten.

Voss kommune må innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Sissel Storebø e.f.
senioringeniør

Nina Vadøy
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Informasjon om verksemda

Namn: Voss kommune	Anleggsnr.: 1235.0040.02
Besøksadresse: Uttrågata 9, 5700 Voss	
Postadresse: Postboks 145, 5701 Voss	
E-post: postmottak@voss.kommune.no	Telefon: 56 51 94 00
Kommune: Voss	Organisasjonsnr.: 960 510 542
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 – Generell offentlig administrasjon	Eigar (org.nr.): 960 510 542
Løyve sist oppdatert: 22. januar 2008	Risikoklasse: 3

2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet var del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollera om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke nedbørmengde. Aksjonen er ei oppfølging av aksjonane som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget

Frå Voss kommune deltok følgjande personar: Sigmund Gjernes, Torbjørg Austrud, Ove Hegg, Tilde Ruud, Pål Gunnar Byrkje og Jon Hårklau.

3. Oppfølging etter tilsynet

Kommunen pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som nemnt ovanfor innan **1. september 2014**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ein tvangsmulkt blir gitt dersom Fylkesmannen ikkje har motteke dokumentasjon som nemnt ovanfor innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 19. mai 2014 at Voss kommune skal betale gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for den gjennomførte tilsynet. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet. Fastsetjing av gebyrstørrelse er ikkje eit enkeltvedtak med klagerett.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 11
- forureiningsforskrifta kapittel 14
- internkontrollforskrifta
- dokumentasjon tilsendt Fylkesmannen i samband med tilsynet
- løyvet av 22. januar 2008

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no, www.miljokommune.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkjerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1 **Overordna mål for avløpssystemet er mangelfull**

Avvik frå Internkontrollforskrifta § 5 punkt 4 (setje mål for ytre miljø)

Kommentar

Voss kommune har ikkje overordna mål for avløpssystemet. I hovudplan for 1997-2005 står det mål, men hovudplanen er ikkje oppdatert. Ny hovudplan er planlagt vedteken i 2015. For Voss reinseanlegg er det sett mål i internkontrollen.

Avvik 2 **Handlingsplan og saneringsplan for avløpssystemet er ikkje tilfredsstillande**

Avvik frå Forskrift om internkontroll § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentar

Voss kommune har ein saneringsplan for 2003-2007 som ikkje er oppdatert. Ny saneringsplan er planlagt vedteken i 2015. Saneringsplanen for 2003-2007 blir framleis følgt då det er arbeid i saneringsplanen som ikkje er gjennomført endå.

Avvik 3 Kommunen har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpssystemet til framtidige klimaendringar

Avvik frå Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentar

Voss kommune har ikkje undersøkt korleis eksisterande avløpssystem vil bli påverka av framtidige klimaendringar. Kommunen har til dømes ikkje innhenta prognoser for framtidige nedbørsmengder, avrenningsforhold, vassføring vassdrag, flommål/vasstandshøgder, grunnvatn osv. Dette er naturleg å inkludere i ny hovudplan. Kommunen opplyste at 5 nye anlegg er under planlegging og at framtidige klimaendringar blir teke omsyn til under prosjekteringa, jf. innsendt B3 Retningslinjer overvasshandtering.

Avvik 4 Kommunen har ikkje teke nok prøvar av avløpsvatnet i 2013

Avvik frå Løyvet punkt 7 om prøvetaking
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentar

Voss kommune tok 22 prøver i 2013. Kravet i løyvet er minst 24 prøver per år. Kommunen opplyste at mengdemålaren var ute av drift i 2 månader.

Avvik 5 Miljøriskovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)

Kommentar

Voss kommune har utarbeidd ei miljøriskovurdering for ytre miljø som dei opplyste sist vart oppdatert i april 2014. Risikovurderinga er mangelfull for nokre område. Det er også viktige tema/område som ikkje er risikovurdert, til dømes klimatilpassing, industriutslepp med meir. Risikovurderinga er ikkje datert og det går ikkje fram kven som har vore med på prosessen. Kommunen har ikkje utarbeidd skriftleg rutine for arbeidet med og oppdatering av risikovurderinga.

Tilhøyrande handlingsplan er mangelfull og tiltaka er ikkje forankra i leiinga. Kommunen har ikkje sett tidsfristar for gjennomføring av tiltaka og kven som er ansvarleg for gjennomføring.

Fylkesmannen rår til at metodikk i Norsk Vann rapport 197/2013 "Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytre miljø" blir nytta i det vidare arbeidet. Vi viser spesielt til vedlegg 3 som er ei basisliste for identifisering av hendingar.

8. Merknader

Vi har ikkje gitt merknader under tilsynet.

9. Andre forhold

Voss kommune skal no revidere kommunedelplan avløp 2015–2026. Kommunen opplyste at dei har hatt fleire møte med Voss Fjellandsby om vidare planlegging og utbygging av vass- og avløpsanlegga i Myrkdalen. Om Myrkdalen blir inkludert i kommunedelplanen eller det blir utarbeidd ein eigen plan for dette område er ikkje endeleg bestemt. I denne samanhengen viser vi til tidlegare korrespondanse med kommunen om vidare utbygging av infrastrukturen i Myrkdalen i brev av 20. februar 2012 og 14. juni 2012. Fylkesmannen ber om at dette arbeidet blir prioritert og vi ber om å bli haldne orientert om arbeidet.